



FEDJE KOMMUNE
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Dato: 21.11.2019
Vår ref.: 2019/18963-5
Saksbehandlar: malutk
Dykkar ref.:

Att. Øyvind Tolleshaug

Fråsegn til planprogram - kommunedelplan for helse og omsorg - Framlegg til planprogram

Vi viser til brev datert 11.11.2019 om planprogram for kommunedelplan for helse og omsorg frå Fedje kommune.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Folkehelse

Folkehelse og folkehelsearbeid er eit sektorovergripande og tverrfagleg arbeid. Gode levekår, god helse, livskvalitet og trivsel heng saman. Folkehelsearbeidet må legge til rette for god helse for alle og bidra til mindre sosial ulikhet i helse. Folkehelsearbeidet må gjelde alle fasar i livet, - barn og unge, vaksne og eldre. Vi lever lengre, - ofte med sjukdom og det krev tilrettelegging av aktivitet og helsetenester for å oppnå god livskvalitet og deltaking også i høg alder.

Det er flott at Fedje kommune har som hovudmålsetting i planprogrammet for helse- og omsorgsplanen 2020-2025 at innbyggjarane skal oppleve fleire leveår med trivsel og god helse. I eit folkehelseperspektiv er førebyggjande og helsefremmande arbeid viktig for å oppnå dette og for å redusere sosial ulikhet.

Kulturminne og kulturmiljø

Bruk av kulturlandskapet, natur, utmark, holmar og skjær har etterlatt mange spor i landskapet. Å vite meir om korleis omgjevnadane har vore brukt tidlegare, kan styrke forholdet vår til eit sted og påverkar korleis vi bruker og legg til rette landskapet som ressurs i eit folkehelseperspektiv.

Vi minner om «Premiss: Kultur, regional kulturplan for Hordland 2015 – 2020» kor det står mellom anna:

I dag er kulturminne og kulturmiljø rekna som samfunnet sine felles verdiar. Dei er unike og uerstattelege ressursar til kunnskap og bruk – for den einskilde og for fellesskapet. Kulturminne skapar grunnlag for lokal samfunnsutvikling og har potensial for kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Berekraftig forvaltning av landskap og kulturminner, og sikring av formidling av kulturarv gjer det til ein ressurs for nolevande og framtidige generasjonar i Hordaland.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg vekt på folkehelse, kulturminne og kulturmiljø.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre
www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vi deltek gjerne i vidare samarbeid. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Malene Utkilen
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Malene Utkilen, Planseksjonen, REGIONALAVDELINGA

Anne Mette Nesje Porten, Seksjon for næring- og lokalsamfunssutvikling, REGIONALAVDELINGA

Endre Sten Nilsen, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA